

## LASARUS

*Gråtande står dei ved steinen  
som skil dei frå han som dei elska.  
Så er dei aleine,  
Maria og Marta.*

*Dei bad om at du skulle kome  
og seie det mektige ordet.  
Men du lét dei vente  
til vona var ute.*

*Du kunne ha lagt dine hender  
på han som på alle dei andre.  
For seint kjem du, Herre,  
til han som du elska.*

*Du bed dei å velte bort steinen.  
Dei tviler, men gjer som du seier.  
Og undrande dreg dei  
sitt sveip av den døde.*

*Vi ser ingen Lasarus vakne.  
Vi har ingen rop som kan kalle  
dei døde attende  
når livet har slokna.*

*Den levande Lasarus ser vi  
no berre i ordet som vitnar.  
Det under vi bed om,  
er trua og vona.*

*Arve Brunvoll 6. juli 2019*